

Årsmelding 2025 for Ekerhovd bedehus /

Ekerhovd Indremisjon, org.nr.

998 894 123

Arbeidet på bedehuset 2025: I alt var det 25 møte / arr.

4 evangeliske møte, 3 v/ NLM og 1 v/ NMS. Talet på evangeliske møte går nedover år for år; organisasjonane sender ut færre forkynnarar, og lite frammøte på møta er ei av forklaringane....

Vi hadde 8 bone- og delemøte m/ sang og 9 formiddagstreff.

Formiddagstreffet 10. desember var også juleavslutning på bedehuset med juleevangeliet, julesongar og julegraut! Stor takk til Bente og Mathias som har ansvaret for bønemøta, stor takk også til Rita og Tore som hjelper Bente og Mathias på formiddagstreffa. 4-8 personar kjem på bønemøta, 10-15 på formiddagstreffa.

Tirsdagsklubben ligg framleis «på is», vi vonar og ber om at nye krefter kan ta opp att dette viktige barnearbeidet. Også speidararbeidet (FA-speidarane) i bygda har ein pause.

Årsmøtet 2025 vart halde 24. mars. Jan Helge las årsmeldinga og hadde andakten. Judith gjekk gjennom rekneskapen for 2024. Årsmøtet godtok årsmeldinga og årsrekneskapen.

Val: Gunnar og Jan Helge vart gjenvald for 2 år, Judith for eitt år, styret dei siste åra held altså fram. Arbeidet i styret har skjedd ved mange samtaler, SMSar og tlf-samtaler.

Grendalaget hadde også i fjor 17. mai-arrangement, flott tiltak som vi vonar dei held fram med!

Vedlikehald og utbetringar i 2025: Bedehuset har fått nye gardiner i møtesalen og på galleriet, persiennar på glasa i vest, nye panelomnar på dametoalettet og i gangen og «nye» stolar i møtesalen. Takk til alle som har hjelpt til!

Medlemstalet har vore stabilt i mange år, også i 2025 betalte 22 stk kontingenten.

Mange vi møter i bygda seier dei er glade for at vi tek vare på bedehuset og har arr. der. Så vi vonar at nye blir medlemmer; årskontingenten er framleis berre 100 kr.

Felles bibelkveld 24. april v/ Johnn Hardang. Godt frammøte, god forkynning og felles kveldsmat. Desse kjekke kveldane er som vitaminer for dei ca 10 bedehusa der møta går på rundgang!

I 2025 var det ikkje vanleg basar på bedehuset, men den trufaste bedehusforeininga hadde selt loddbøker og det var **trekking på foreiningsmøtet 23. sept.**

Heimesida www.ekerhovdbedehus.no vart også i 2025 drifta trufast av Roger Dyrøy, det er vi svært takksame for. Takk til Thor Bernhard Tobiassen som også denne gongen reviderte rekneskapen og Eivind som gir oss tonefylgje på mange møte / arr. Takk til alle som ber for arbeidet på bedehuset og/eller gir øk. støtte. Framfor alt takk til Gud for fred i landet og at bedehuset består, ein stad der menneske i alle aldrar er velkomne til fellesskap og får høyra evangeliet om frelse til alle som tek imot Jesus. Frelsaren står der med opne armar for alle som vil fylgja han.